



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Hareid kommune
Rådhusplassen 5
6060 Hareid

FYLKESKOMMUNEDIREKTØREN

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
Hareid: 19/764 21/15651 Herøy: 19/10722 21/16169 Sande: 21/1008 21/6006 Ulstein: 21/1923 21/17480 Vanylven: 21/1354 21/10268		169720/2021/KOMMUNEPLAN	Synnøve Valle, 71 28 02 39 Johnny Loen, 71 28 02 43	01.02.2022

Hareid, Herøy, Sande, Ulstein og Vanylven kommunar - interkommunal kystsoneplan for Søre Sunnmøre - offentleg ettersyn - motsegn

Fylkeskommunen utgjer det regionalpolitiske nivået i det norske styringssystemet. Fylkestinget er øvste mynde.

Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvalting, naturressursforvalting og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.

Fylkeskommunens planverk er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.

Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av [regionalt planforum](#). Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentleg ettersyn.

INNLEIING

Saka gjeld eit framlegg til interkommunal plan for sjøareala i dei fem kommunane på Ytre Søre Sunnmøre. Fylkeskommunen har løyvd midlar til dette, og har delteke i arbeidsgruppa for prosjektet. Planprosessen har vore kopla til prosjektet Marine grunnkart på Søre Sunnmøre. Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå våre ansvarsområde ei rekke merknader til planforslaget. Likelydande brev er sendt alle kommunane.

MERKNADER TIL KONSEKVENSUTGREIINGA OG PLANOMTALEN

Planfaglege merknader

Det vil først vere rett å poengtere at dette planarbeidet i sin natur er svært komplekst og arbeidskrevjande, og det er mykje arbeid som er gjort. Innanfor ramma av prosjektets økonomi og framdriftsplan, er det likevel forståeleg at delar av leveransen kan framstå som noko uferdig. Erfaringsmessig er dette regelen framfor unnataket i slike prosessar.

Vi har uansett trua på at arbeidet som er gjort, med noko bearbeiding kan føre fram til sluttvedtak om plan. Jamfør vår konklusjon til sist i brevet, finn vi ikkje grunnlag for dette enno, og vil vi rå til at saka blir teke opp i regionalt planforum før eit bearbeidd framlegg blir lagt til nytt offentleg eller avgrensa ettersyn. Vi rår også nokså snarleg til eit eige møte mellom oss og den som får ansvaret for vidareføring i kommunane. Dette kan gjere det vidare arbeidet med planen vesentleg lettare.

Utanom karta, er det meste av plandokumenta felles for alle kommunane; planomtalen og konsekvensutgreiingane, ymse vedlegg m.m. Det er den einskilde kommunen som må prosessere saken i det politiske systemet og ta konkret stilling til planen innanfor eige grenser. Frå fylkeskommunens side er det ikkje noko absolutt poeng at alle kommunane gjer sluttvedtak samstundes, men dersom kommunane prioritærer det som er felles først, vil dette vere eit godt grunnlag for å tilnærme seg samtidige vedtak.

Vår behandling av saka

Fylkeskommunen har vore invitert i arbeidsgruppa for planarbeidet, og har i tillegg hatt noko direkte kommunikasjon med prosjektleiar. Dette har forhåpentlegvis vore nyttig for begge partar, men ut frå det materialet som er oversendt, ser vi at ein del av det som har vore kommunisert (begge vegar), ikkje er oppfatta og prosessert slik det var tenkt frå avsendar. Våre merknader til framlegget er derfor omfattande, også på det reitt planfaglege grunnlaget.

Det oversende materialet er som nemnt svært omfattande og dermed krevjande å sette seg detaljert nok inn i, innanfor den relativt korte høyringsfristen. I vurderinga av konsekvensutgreiingar og planomtale har vi derfor lagt vekt på ein del grunnleggande forhold, dels synleggjort gjennom meir detaljerte døme. Vi forsøker gjennom heile fråsegnå å gi forklarande overskrifter, som skal gjøre det lettare å gå systematisk gjennom våre merknader, men det vil likevel vere referansar mellom ulike delar av brevet. Vi må ta atterhald om at det kan vere forhold i planen vi ikkje har observert og kommentert i denne runden.

Planomtalen – redaksjonell ordning

Jamfør pbl § 4-2 er konsekvensutgreiingane (KU) ein svært viktig del av planomtalen, nemleg bolken om planforslagets verknader for miljø og samfunn. Dokumenta vi har motteke synleggjører ikkje samanhengen mellom KU og planomtale tilfredsstillande. Dette har dels med den redaksjonelle ordninga å gjøre, dels med innhaldet i teksten.

Dokumentet oversendt som planomtale, har fire hovudkapittel, der 3 er "Bestemmelser og retningslinjer" og 4 er "Plankart". Arealplanar generelt har etter lova tre separate element; plankartet, føreseggnene og planomtalen. Føreseggnene og plankartet er med andre ord ikkje ein del av planomtalen og må skiljast frå denne redaksjonelt. Dersom føreseggnene skal inkluderast i same dokument som planomtalen, må dokumenttittelen spegle begge elementa og dei må vere skilde i delkapittel, føreseggnene gjerne sist.

Den oversendte planomtalen har ei vedleggsliste, der KU og ROS er nemnt først. Dette vil vere i samsvar med intensjonane i pbl § 4-2. Konsekvensutgreiingar på kommuneplannivået inkluderer som regel lange tabellar og lister over enkeltområde i planen, så omfattande at det ikkje er naturleg å integrere alt i eitt hovuddokument. Det er likevel nødvendig at hovuddokumentet gir ei oppsummering av KU, eventuelt at også vurderinga av dei samla konsekvensane ligg i hovuddokumentet. Slik er det ikkje her, og hovudkapittel 1 og 2 i det som er oversendt gir liten peikepinn om korleis samanhengen mellom dokumenta er.

Planomtalen gir heller ikkje konkrete referansar til alle vedlegga på ein måte som inkluderer dei naturleg i planomtalen. Det er med andre ord uklart kva som inngår i den

samla planomtalen etter pbl § 4-2, og kva som elles berre er til orientering for saksbehandlinga.

Det er variabelt kva kommunane har sendt av vedlegg, og sjeldan i samsvar med vedleggslista i planomtalen (dels kan dette skuldast at ikkje alle vedlegg har vore nedlastbare då vårt dokumentsenter mottok oversendinga). Eitt av vedlegga vi har fått har nemninga "*Informasjon om arealtilnærming arealformål m.m.*" Dette ber preg av å vere eit orienterande notat utforma i tidleg fase i planarbeidet, men opplysningane som er gitt er også delvis relevante for planomtalen, sjå neste avsnitt.

Planomtalen - innhaldet

Det er openbart at innhaldet også må få verknader for det redaksjonelle. Normalt bør planomtalen til ein kommuneplan organiserast omlag slik (nummerering av både kapittel og delkapittel vil gjere orientering lettare og ikkje minst gjere det lett å kryssreferere i teksten):

0. Forord dersom ønskeleg (har gjerne politisk innhald)
1. Innleiing/planens føremål (kort om kvifor ein lagar denne planen, vedtak om oppstart)
2. Rammer for planlegginga (lovgrunnlag, statlege føringar, fylkesplanverket, k-plan samfunnsdel, prioriteringare i planstrategien)
3. Situasjonen for planområdet i dag (her bør mykje kunne klippast frå planprogrammet. Hugs informasjon om nullalternativet som er gjeldande arealplanar og om interaksjonar land/sjø)
4. Prosess og medverknad (kan klippast frå planprogram og tilpassast/oppdaterast, særskilde krav knytt til barn og unge, hovudtrekk i kva medverknad har ført til)
5. Planforslaget (omfanget, strategiske grep og hovudtrekk i planframlegget, om val av arealføremål og føresegner, endringar frå gjeldande planverk, avbøtande tiltak og respons på funn i KU m.m.)
6. Verknadene av planen – konsekvensutgreiingane (som del av dokumentet og/eller vedlegg, inkludert samandrag og samla konsekvensar, temavis, kommunevis [?] og for heile planområdet, konklusjonar)
7. Liste over vedlegg (som skal følge planomtalen som ein del av vedtaket.
NB! Saksframstillinga for politiske utval kan ha fleire vedlegg enn dette !!)

I oversendinga manglar dei fleste viktige elementa i dokumentet som er framlagt som planomtale. For nokre av kapitla vil klipping frå planprogrammet vere greit, med nødvendige oppdateringer. Ein del sentrale poeng kan også hentast frå KU-dokumentet, men krev omarbeiding. Meir om dette nedover i brevet.

Forslagets kapittel 1 har tittel "Innledning" i samsvar med vårt oppsett ovanfor. Teksten gir for så vidt eit svar på kvifor kommunane set iverk planarbeidet og gir grei referanse til arbeidet med marine grunnkart, men mykje av teksten dreier seg likevel om rammene for planlegging, jamfør vårt kapittel 2.

Delavsnittet "Kort beskrivelse av Ytre Søre Sunnmøre" bør skiljast frå innleiinga i eit eige hovudkapittel, jamfør vårt kapittel 3. Også i dette delkapittelet høyrer store delar av teksten heime andre stader, til dømes avsnittet om mudring og dumping ("rammer for") og avsnittet om gode lokalitetsval ("kvifor planlegge"), samt tabell over nye/endra akvakulturanlegg ("planforslaget"). Kapittel 3 må seie noko om gjeldande kommuneplanar i dag, gjerne kortfatta evaluere desse. Det bør vere aktuelt med kommunevis omtale her.

Forslagets kapittel 2 heiter "Planbeskrivelse". Dette må vere tittelen på sjølve hovuddokumentet og ikkje på eit delkapittel. Teksten i dette kapitlet inneheld også mykje

relevant informasjon, men må sorterast inn i eit anna redaksjonelt oppsett. Her er opplysingar både om "rammer", om "kvifor plan", om "planforslaget", og om "prosess og medverknad". Dels er her informasjon som også er nemnt fleire stader i oversendinga, mellom anna i kapittel 1 i same dokument.

Vår kapittel 5; "Planforslaget", manglar fullstendig i planomtalen. Det er ingen gjennomgang av kva ein faktisk foreslår i planen og korleis forslaget er grunngitt. Utgangspunktet for dette kapitlet må vere gjeldande planar ("nullalternativet") og dei områdevis utgreiingane i KU, inkludert avbøtande tiltak. Planomtalen vil ikkje vere fullstendig utan dette, jamfør også pbl § 4-2.

Kapittel 6 gjeld verknadene og må "knyte kontakten med" KU-dokumentet, som vi omtalar nedanfor. Både eit samandrag og samla vurderingar høyrer primært til i planomtalen.

Når det gjeld vedleggslista, vårt kapittel 7, er det gitt nokre kommentarar ovanfor. Vi vil i tillegg peike på at temakart er nødvendige vedlegg dersom føresegner og/eller retningslinjer er knytt til desse. Dersom dei "berre" ligg til grunn for konsekvensutgreiingane og ikkje er kommentert i planomtalens hovuddokument, vil dei også vere nødvendige, men det bør eventuelt poengterast at dei er "vedlegg til vedlegg". Vi etterlyser elles fylkeskommunen sine merknader i vedlegget *"Oppsummering av innspill fra sektormyndighetene"*.

Planomtalen presenterer ei litteraturliste. Det er uklart om denne er til orientering som interessant litteratur, eller om teksten i planomtalen konkret bygger på desse kjeldene. Det er ingen konkrete tilvisingar. KU-dokumentet har ingen slik liste, men er full av referansar til forskning, som berre delvis er spesifisert. Er lista i planomtalen dekkande for desse referansane? Verken planomtale eller KU er/skal vere forskning, men forskningsresultat er ofte knytt til opphavsrettar som må ivaretakast.

Planomtalen opplyser at gjeldande reguleringsplanar eller kommunedelplanar kan medføre justering av grensene for sjøarealplanen, og at reguleringsplanar vil visast som kvite i kystsoneplanen. Vi har ikkje merknader til dette som prinsipp, men sjå merknader knytt til kart og føresegner.

Fleire konkrete innspel vil kome fram i merknadene om konsekvensutgreiingane, all den tid ein del av innhaldet der, bør flyttast til planomtalens hovuddokument.

Generelt om konsekvensutgreiingane

Det framlagde dokumentet er fagtungt. Mykje av det som er framlagt er svært relevant fuknnskap. Tekstrikdomen og den redaksjonelle løysinga gjer det likevel vanskeleg å få oversyn over innhaldet generelt, men også over korleis kunnskapen er lagt til grunn for planforslaget. Ein del stoff kunne med fordel vore lagt ut som lenker i teksten, utan å vere del av sjølve KU. Generelt bør det også vere konkret referanse til kjeldene for kunnskap som blir framlagt. Dette manglar for viktige delar av materialet, anten det skal ligge i KU-dokumentet eller ikkje.

I tillegg er dokumentet prega av manglande korrekturlesing, noko som særskild gir seg utslag i at same opplysingar finst fleire stader i dokumentet, gjerne også innanfor same kapittel. Dokumentet lir elles av det same som planomtalen; tekstens innhald svarar ikkje alltid godt saman med kapitla sine overskrifter.

Ein del av konsekvensutgreiingane er viggd omfattande drøftingar om ulikt lovverk som gjeld. Kva lovverk som gjeld bør vere tema i planomtalens rammekapittel og ikkje i KU-vedlegget. Eit slikt kapittel (i planomtalen!) bør berre kortfatta opplyse kvifor dei ulike

rammene er relevante og kven som forvaltar ulike myndesområde. I den grad det er ønskeleg å gå nærmere inn i forvaltingspraksis og lovtolking, kan dette eventuelt vere eit vedlegg til saksbehandlinga, og ikkje til KU eller planomtale.

- Kap 1.1

Her er det hevda at "*det er kun akvakultur som er pålagt konsekvensutredning..*". Dette er i beste fall ei mangefull praktisk tilnærming til reglane som gjeld. Jamfør pbl § 4-2 er det kommuneplanens arealdel som er pålagt konsekvensutgreiling. Dette er også presert i forskrift om konsekvensutgreingar § 6 a. Det er eigne reglar for overordna planar, aka kommuneplanens arealdel, jamfør § 18, som mellom anna fastslår følgande:

"Konsekvensutredningen av kommuneplanens arealdel skal bare omfatte de delene av planen som fastsetter rammer for fremtidig utbygging og som samtidig innebærer endringer av den gjeldende planen."

Konsekvensutredningen av arealdelen skal beskrive virkninger utbygging av nye områder eller vesentlig endret arealbruk i utbygde områder kan få for miljø og samfunn. Det skal også ges en vurdering av virkningene av de samlede arealbruksendringene i planen."

Uavhengig av om sjøarealplanen ikkje foreslår anna framtidig utbygging enn akvakultur, må utgreiingane bygge på ei samla liste kommunevis, over kva endringar som faktisk er foreslått i planen. Planomtalens innleiing, siste del s 7, gir eit slags oversyn, med tilvising til at fylkeskommunen har bede om det. Det er sjølv sagt lovgrunnlaget som gjer dette nødvendig, ikkje fylkeskommunens krav. Lista gir dess meir berre også oversikt over nye eller endra einbruksareal for akvakultur, og ikkje over kva endringar planen i det heile medfører. Vi presiserer at opplistinga også må gjelde fleirbruksområde der ein i ny plan opnar for akvakultur, dersom det i gjeldande plan ikkje var slik opning.

På same stad i planomtalen finn vi også følgande:

"Det er kommet inn 6 nye innspill om akvakultur i planområdet, fordelt på 1 ny lokalitet med laks og 2 nye lokaliteter for taredyrking, 3 arealendringer og 4 utvidelser av flerbruks-areal. Tiltakene er tegnet inn i plankartet, konsekvensutredet i felles mal og sendt ut til kommuneplanleggerne for vedtak i planmyndighet. Det skal gjennomføre prosesser ute i kommunene og ges tilbakemelding på hvilke tiltak som skal med i det endelige plankartet".

Teksten etterlet eit inntrykk av at høyringsutkastet ikkje er vedteke i kommunane, noko som sjølv sagt må vere feil.

Vi peikar elles på at planen opnar for nye småbåthamner. Småbåthamner er openbart å legge til rette for utbygging, og like openbart er det at planen må synleggjere konsekvensar når det er tilrettelagt for nye hamner. Dette er ikkje gjort.

- Kap 1.2

Kapitlet går nærmere inn i tolking av forskrift om konsekvensutgreingar. Her er det meir tenleg å vise til rammekapitlet i planomtalen og korte betydeleg ned. Hovudfokus bør vere på metode, der mykje kan klippast inn frå planprogrammet, eventuelt at ein også viser konkret til dette.

Det er meir eller mindre feil at konsekvensvurderingar skal vise kommunens "vurderingar", slik det er sagt i kapitlet. KU skal vere nøkternt fagleg og objektiv. Kommunens vurdering kan likevel kome fram i konklusjonen for kvart område ein utgreier og i den samla vurderinga, men det dreier seg då om ei politisk vekting mellom ulike fordelar og ulemper. Ei slik vurdering eller kommunens tilråding finst ikkje i oversendinga.

Det er også upresist at nullalternativet er valgbart mellom eksisterande situasjon og vedtatt kommuneplan. Eksisterande situasjon er nullalternativ berre dersom det ikke ligg føre plan frå før. Nullalternativet har per definisjon ikke verknader; det er nullpunktet for vurderinga av verknader.

- Kap 1.3

Store delar av kapitlet har anna innhald enn det overskrifta tilseier, og er dels repetisjon frå annan stad i dokumentet eller frå planomtalen. Naturmangfaldlova er relevant for planarbeidet, likeeins Miljødepartementets rettleiar om konsekvensutgreiingar, og bør omtalast kort. Men dette høyrer til rammekapitlet i planomtalen.

Kunnskapsgrunnlaget er derimot relevant. Dette burde vere synleggjort i planprogrammet på førehand, men kan kanskje nemnast også i eit kapittel om naturmangfald i byrjinga av KU-dokumentet. Herunder er det også naturleg å nemne økosystemtilnærming som konsept. Logikken fordrar at andre fagområde blir behandla tilsvarende. Dersom konseptet økosystemtilnærming ligg til grunn for planforslaget, burde dette vore klarlagt allereie frå starten, altså i planprogrammet. Konsekvensutgreiingane må deretter dokumentere for enkeltområda og i samla vurdering at dette faktisk er gjort.

- Kap 2

Dette er eit viktig kapittel, og delkapitla 2.1 til 2.14 viser tema i samsvar med planprogrammet (har ikke sjekka i detalj). Vi vil likevel rá sterkt til at kapitlet blir vesentleg forkorta. På kommuneplannivået er det ikke vanleg (mens sjølv sagt ikke forbode) med separate fagrapporatar som del av KU. Dette har å gjere med § 18 i KU-forskifta, som nivellerer utgreiingskravet for kommuneplannivået. Det er likevel slik at dersom kommuneplanen legg til rette for konkrete tiltak som i seg sjølv krev KU, så skal utgreiingane vere på tiltaksnivå. I denne planen vil dette kunne gjelde nye einbruksareal for akvakultur. Vi føreset likevel ikke at utgreiingane skal vere på eit detaljnivå som er dekkande for konsesjonsbehandlinga. Tvert om kan det vere på sin plass i omtalen av metode, å vise kva forhold som må avklarast seinare, slik som til dømes også arkeologiske registreringar.

Det er først og fremst i kapittel 2 at den faglege tyngda i dokumentet kjem til syne. I den grad det er ønskeleg, rår vi til at vesentlege delar av informasjonen blir lagt ut i separate tekstvedlegg eller temakart som ein kan gå inn i dersom ein har behov for å etterprøve utgreiingar og slutningar i KU (og som KU kan referere til).

Det sektorvise innhaldet er nærmere omtalt i eigne avsnitt nedanfor. Vi gir ros for at kvart delkapittel gjer opp status for datakvaliteten, og om kunnskapsgrunnlaget er godt nok til å fatte vedtak.

"Konklusjonane" som er gitt i nokre av delkapitla, er gitt på generelt grunnlag og kan ikke overførast direkte til analysen av einskilde areal, eller til den samla vurderinga (som jo må byggast på den områdevise vurderinga).

- Den områdevise vurderinga i KU

Denne startar på side 56 med hovudkapittel 7, som ikke er å finne i innhaldsoversikta først i dokumentet. Nummereringa nedetter kapitlet er feil ut frå nummeret på hovudkapitlet, men rett etter innhaldslista. Det er vist utgreiingar for ni areal. Dette samsvarar med lista, som likevel er ufullstendig.

Vi rår til at delkapitla 3.1 til 3.4 blir fjerna, og at ein i staden gir nummer til kvart einskild område. Kva type aktivitet ein legg til rette for, må opplysast for kvart område; det er ein del av plankartet og føremålet.

Det er positivt at kvart område er illustrert med ulike kart. Dei karta som er vesentlege her, er først og fremst plankartet slik området framstår, gjerne forstørra. Eit oversynskart

med alle områda kan ligge i starten av hovudkapitlet, indeksert med nummeret på delkapitla. Eit anna, vesentleg kart, vil vere eit avtrykk av gjeldande plan for same område. Dette illustrerer endringane godt. Dersom kartutsnittet er basert på eit konkret innspel, men justert i omfang, bør dette omtalast i tekstu.

Det er ikkje nødvendig å vise avtrykk av alle sektorkart som ligg til grunn for konsekvensutgreiingane. Desse sektorkarta skal vere synleggjort i omtalen av fagområda (metode, kunnskapsgrunnlag), lenger framme i KU-dokumentet, på ein slik måte at det er mogleg å finne dei (vedlegg eller lenketilvisingar). Det viktigaste elementet er såleis tabellane i slutten av kvart delområde. Desse må føresetnadsvise ha rader som samsvarer med utgreiingskravet i planprogrammet. Teksten i tabellen må konkret fortelle kva verknaden består i (typisk til dømes: "vesentleg auke i forekomsten av lakselus", "venta inntekt frå havbruksfondet"). Dette er berre delvis gjort. Saksopplysingar om prosess og prosedyre har ingenting i desse tabellane å gjere. Landskapsverknader og estetikk er elles ikkje er eit spørsmål om kva "nokon vil oppfatte". Utgangspunktet må vere objektive vurderingar etter fagleg, fastlagt metodikk.

Tabellane har fire rader: positiv konsekvens, ingen konsekvens, negativ konsekvens og stor negativ konsekvens, med fargekoding tilsvarende. I kolonna "ingen konsekvens" er det påført "0-alternativ". Dette er tvertydig. Kolonna må vise konsekvensen av planendringa mot nullalternativet. Dette gjeld alle kolonnene. I kolonna "store negative konsekvensar" er påført "tas ikkje inn i planen". Her trekker ein konklusjonar allereie i metodikken. Dette er sjølv sagt feil. Det er dessutan slik at område som har "store negative konsekvensar" for enkelttema, likevel er foreslått i plankartet.

Vi ser at tabellane heller ikkje er heilt konsekvente i måten konklusjonar er trekte. Det er to rader for dette: "Vurdering av konsekvens" og "konklusjon". Vi rår til ei viss omarbeidning her. "Vurdering av konsekvens" bør endrast til "avbøtande tiltak". I teksten bør ein liste kva tiltak som er relevante som avbøtande. Her må ein legge vekt på tiltak som kan sikrast i planens føresegner, og opplyse om i kva grad dette er gjort. "Konklusjon" inneber ei fagleg tilråding av om området skal eller ikkje skal vere med i planen, eventuelt i endra form og med avbøtande tiltak. Denne tilrådinga skal i utgangspunktet vere fagleg. Dersom det er dissens mellom den faglege og den politiske tilrådinga, må dette kome fram, men helst i saksutgreiinga og ikkje i KU.

Samfunns- og næringsutvikling

Konsekvensutgreiinga for enkeltområda har nokre punkt som gjeld samfunnsutvikling og næringsutvikling. Dels er det kort sagt noko om verknadene, dels ikkje. Vi går ikkje vidare i djupna på dette temaet, men sjå likevel neste avsnitt.

Vassforvaltning

Samla sett er det mykje tekst, men den konkrete vurderinga etter vassforskrifta er ikkje tilstrekkeleg, og ber preg av fleire mistydingar. Vi utdjupar dette:

Regional plan for vassforvaltning i Møre og Romsdal vassregion 2022 – 2027, blei godkjent i Fylkestinget i desember 2021, og skal behandlast av KDD i mars 2022. Regional vassforvaltningsplan set miljømål for vassførekommstar i kyst, vatn og vassdrag. Hovudmålet er god økologisk og kjemisk tilstand i løpet av planperioden. Miljømåla dannar grunnlaget for korleis ein skal sikre vassressursane våre mot øydelegging. Vassforvaltningsplanen skal leggast til grunn i kommunens saksbehandling og verksemda forøvrig.

Vatn har også fått ein tydelegare plass i «Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging» for valperioden 2019-23. Den 19. mars 2021 kom i tillegg [nasjonale føringer for vassforvaltninga](#). Her er det lagt føringer for kommunens arbeid innafor avløp, drikke-

vatn, landbruk m.m. Vassforvaltning må ivaretakast i kommunal arealplanlegging, der det går fram av føringane at:

«Kommunene har en særlig viktig rolle i vannforvaltningsarbeidet. Det lokale arbeidet i vannområdene er et viktig grunnlag for det påfølgende regionale arbeidet, og muliggjør lokal forankring og medvirkning, samt innhenting av lokal og erfaringsbasert kunnskap. Kommunene besitter ofte førstehåndskunnskap om vannforekomstenes tilstand og påvirkninger. De er myndighet med ansvar for å treffe vedtak om gjennomføring av tiltak innen drikkevann og avløp, overvannshåndtering, landbruksforvaltning, arealforvaltning og forurensning. Videre er kommunens arealplanlegging svært viktig for å nå målet om god tilstand i norsk vann. Gjennom arealplanleggingen kan kommunen sette restriksjoner på arealbruken for å ivareta naturmiljøet i og langs vassdrag, innsjøer, fjorder og sjøområder, herunder vannmiljø. Det er svært viktig at disse virkemidlene tas aktivt i bruk i kommunenes arealplanlegging for å nå målet om god tilstand i norsk vann. Kommunene vil på denne bakgrunn være sterkt involvert i arbeidet i vannregionutvalget og særlig arbeidet i vannområdene.»

Det er viktig at det blir tatt omsyn til vassmiljø i kommunens planar og at det ikkje leggast planar som kjem i konflikt med miljømål fastsett i regional vassforvaltningsplan Kommunane som sektormyndighet på avløp, landbruk og plan har ei nøkkelrolle i oppfølginga av vassforskrifta.

Vassforskrifta bidreg til gjennomføring av FNs berekraftsmål 6, 14 og 15. Har kommunen ambisjonar om å følgje opp berekraftsmåla konkret, må det leggast vekt på arbeidet med vassforskrifta i det kommunale arbeidet, inkludert også sjøarealplanar.

Data frå www.vann-nett.no kan nyttast, som viser tilstand til aktuelle vassførekomster. Faktaark for kommune er tilgjengeleg. Oversendt KU-dokument viser til vassforskrifta og vann-nett, men det kan synest som det er noko misforstått korleis det konkret skal handterast i planarbeidet, og kvar data finst. Miljøtilstand i vann-nett er oppdatert på prøvetaking, der dette er gjort. Dette gjeld mellom anna data frå oppdrettsanlegg og overvaking av forureina sjøbotn. KU-dokument viser til kart om "påverknad i stor grad", og konkluderer mellom anna med at "data er ekstrapolert" og dermed ikkje gyldige. I realiteten er inndelingar i vassførekomstar som er vist i KU; kysten er delt inn i større, konkret avgrensa vassførekomstar, og ein sterkt påverka vassførekomst vil ha ei farge og ein konklusjon, sjølv om det i realiteten berre er ein liten geografisk del av vassførekomsten som er påverka. Derfor kan ein også slutte at verknaden for vassressursen av eit akvakulturanlegg vil avhenge mellom anna av kvar i ressursen det er lagt.

KU nemner også at "Vann-nett viser også at utslip fra akvariet i Ålesund reduserer vannkvaliteten i vannforekomsten Breisundet. Uten kunnskap om oceanografi og marine miljøforhold så kan folk flest tro på slike framstillinger." Dette er feil. Breisundet har god miljøtilstand i dag og påverknad frå akvariet er ikkje nemnt.

Planomtalen/KU skal vurdere verknaden planen har på miljøtilstand i kysten og eventuelle vassdrag uansett kva tilstand som er i dag. Det er viktig at planen gir nødvendige avklaringar. At KU også konkluderer med "Spredning av lakslus og smittereduserende lokalisering i kystsonen ligger utenfor pbl. sitt mandat", er ei radikal feiltolkning av sjølege planinstituttet, som nettopp har til intensjon å avklare arealbruk mot og imellom særlovar, slik at tiltak ikkje blir lokaliserast feil. Det er derfor mellom anna Mattilsynet er høyningspart og har heimel til å reise motsegn mot planen. At plan- og bygningslova ikkje ligg til grunn for Mattilsynets nødvendige løyve etter "etableringsforskrifta" er ein annan sak.

Akvakultur

Det er generelt skrive mykje om akvakultur, i ein slik grad at utgreiingane ser ut til å vere vekta med sikt på å forsvare næringa. Mykje tekst er nytta for å overtyde leser om at ikkje all akvakultur kan vere på land, og at det derfor er behov for lokalitetar i sjø. Dette kunne kanskje kort vore nemnt i innleiinga, som årsak til planarbeidet, men har ingenting i sjølve utgreiingane å gjere. Vi er sjølv sagt ikkje kategorisk usamd i innhaldet i teksten, men noko av informasjonen er utdatert, til dømes når det gjeld status for produksjonsområde.

Utgreiingane seier noko om konsekvensar av akvakultur, men lite om konsekvensar for akvakultur, både områdevise og samla. I dei områdevise tabellane er det berre vist til konsesjonsplikta. Dette er ingen "verknad" av planforslaget, verken for eksisterande akvakulturverksemder eller for næringa samla. Ein bør kunne vente at forslag om nye akvakulturområde har ein positiv verknad for næringa. Utgreiingane bør spesifisere kva dette består i, både områdevise og samla. Planomtalen bør i omtalen av fagområdet akvakultur også vise ei liste, eventuelt i vedlegg eller på temakart, kommunevis kva anlegg innanfor planområdet som er konsjonsgitt, kva type konsjon dette gjeld, og i kva areal i planen dei er lokalisert. Vi minner for ordens skuld om at utgriingskravet i KU-forskrifta i denne samanhengen, gjeld areal som er nye i plan, ikkje nye anlegg.

Dersom nye akvakulturområde, inkludert kombinasjonsføremåla, ligg innanfor aktsemrssoner for naturfare som skred, må dette synleggjerast i ROS-analysen (som også er ein del av utgreiingane). Dette fordrar nærmere undersøkingar før det kan bli gitt konsjon. Dette gjeld også dersom nye omsynssoner er lagt over eksisterande akvakulturareal. Planomtalen gir ikkje grunnlag for noko oversikt over dette.

Det er nemnt i teksten at anlegg ikkje skal tillatast nærmare enn 200 m frå friluftsområde og badeplassar. Det er ingenting i føresegnene som sikrar dette. Vi vil legge til at avstanden kan opplevast kortare på sjøen, og at dette bør takast med i KU-vurderinga av påverknaden eit anlegg kan ha for friluftsaktivitetar og nærmiljø.

Vi opplyser for ordens skuld at Havbruksfondet berre gir utbetalingar for godkjende lokalitetar for laks, aure og regnbogeaure. Utbetalingane blir rekna ut frå godkjent biomasse på lokaliteten. Beløpet avhenger av solgt auke i grøne produksjonsområde, ikkje av auken i den enkelte lokaliteten. Akvakultur av andre artar enn laks, aure og regnbogeaure vil ikkje gi utbetaling frå Havbruksfondet.

Samferdsel

Statens vegvesen uttalte seg til offentleg ettersyn av forslag til planprogram i si fråsegn datert 31.08.2018, som forvaltar av fylkesveg på vegne av Møre og Romsdal fylkeskommune. Med regionreforma 01.01.2020 tok fylkeskommunen over det fulle ansvaret med å drifta og forvalte fylkesvegane. Vi behandlar saka vidare ut i frå vegvesenet sine merknader.

Planomtalen opplyser at det er viktig å sjå planen sine verknader ut over plangrensa, mellom anna verknader for tilgjengelegheta til strandsona, visuell påverknad og støy påverknad. Vi er samd i dette, men vil i tillegg peike på verknader for eksisterande vegnett, trafikkmengd og tryggleik og behovet for nye tilkomstlösingar. Arealplanlegging i sjø kan også røre direkte ved bru- og ferjesamband i vegnettet. Dei områdevise utgreiingane har ferdsel og farleier som eige tema i tabellane, men det ligg ikkje føre konkrete opplysningar om verknader, verken på områdenivå eller samla.

Kulturvern

Grunnlagsmaterialet for planen er ufullstendig og uklart i framstillingsform, jamfør planfaglege merknader ovanfor.

Dette gjer det svært vanskeleg å vurdere eintydig korleis kulturminne er tekne omsyn til i planen. På grunn av desse praktiske utfordringane vel vi på ny å minne om lista over kulturminne frå nyare tid med særskild verdi anten regionalt eller nasjonalt, jamfør regional delplan for kulturminne. KU-en skulle ha varsla konkret, dersom det er potensielle konfliktar mellom planlagd arealbruk og kulturminne på denne lista. Dette må kome på plass i revidert planomtale/KU, og er nødvendig som grunnlag for vedtak, eventuelt innarbeidning av avbøtande tiltak og omsynssoner. Denne lista blei oversendt frå fylkeskommunen den 18.09.2018.

Planprosessar generelt, har som hovudmål å avdekke og avklare interessekonfliktar, herunder også kulturverninteresser. Dei fleste kjende kulturminna frå både forhistorisk- og nyare tid ligg på land, og vil i utgangspunktet ikkje kome i direkte konflikt med bruk av sjøarealet. Likevel vil sjøarealet vere i influensområdet for estetiske og visuelle verkner, kanskje også støy og forureining og generell attraktivitet for fedsel og opphold. Såleis kan arealbruk på sjø verke skjemmande på kulturminne- og kulturmiljø på land. Tiltakstype og driftsform kan også kunne påverke omgivnadane og opplevinga av kulturmiljø negativt. Dette tek ikkje konsekvensutgreiinga omsyn til.

Konsekvensutgreiinga må nemne seg den visuelle effekten tiltak vil ha på kulturlandskapet med både lokale (sjå kommunanes kulturminneplanar) regionale og nasjonalt viktige kulturminne og kulturmiljø. Fleire av områda for akvakultur ligg også innanfor områda definert som utvalde kulturlandskap (KULA) og konsekvensen dette har, er i liten grad vurdert.

At arealbruk på sjø kan utløyse behov på land er ikkje synleggjort, jamfør også merknader om samferdsel. Eit eventuelt behov for infrastruktur på land, utløyst av arealbruk på sjøen, også kan medføre direkte eller indirekte konflikt med kulturminne på land, og/eller krav om arkeologisk registrering jmf. kulturminnelova §9.

Barn og unge

Vi minner om det særskilde ansvaret kommunen har for at barn og unge kan medverke i planprosessar. Planomtalen gir ingen merksemrd til dette, noko som kan vere i strid med statlege planretningslinjer om barn og unge i planlegginga. Friluftsliv/barn og unge er eit eige punkt i dei områdevise utgreiingane, men er stort sett kvittert ut med "ingen verknad", utan at grunnlaget for ei slik vurdering er synleggjort.

Friluftsliv

Sjå merknad om barn og unge, som gjeld så langt han passar også for friluftsliv.

GENERELLE MERKNADER TIL PLANFORSLAGET

Planfaglege merknader

Kartet

Plankarta er naturleg nok utarbeidd med utgangspunkt i den einskilde kommune, og politiske føringar gitt der. Når ein ser karta samla, gir desse likevel ikkje i særleg stort preg av at planen er utforma i eit felles samarbeidsprosjekt. At kommunane er noko ulike i tilnærminga til arealpolitiske spørsmål, er for så vidt legitimt og i samsvar med heimelsgrunnlaget i plan- og bygningslova, men sett frå fylkeskommunen si side burde ein i det minste ha drøfta ei felles tilnærming til *nokre* av spørsmåla som planen skal avklare.

Ikkje mindre viser karta også ulik tilnærming til korleis teiknereglane er nytta, utover det som ligg i sjølve arealpolitikken. Dette vil gjere praktisering av planen vanskeleg, ikkje minst i grenseområda mellom kommunane. Å lese karta, er dessutan vanskeleg

når planomtalen ikkje har informasjon om sjølve planforslaget og føremåla som er nytta (sjå merknader lenger oppe i brevet).

Teiknforklaringa i kartet må vise feltkodar som konsekvent samsvarar med kartet og føreseggnene. Dette vil lette lesinga betydeleg og er strengt tatt nødvendig for praktisk forvaltning av planen i etterkant av vedtak. Vi registrerer elles at teiknforklaringane generelt viser ei rekke arealføremål som ikkje er nytta i planen. Dette bør endrast.

Verre er det at fleire føremål i kartet ikkje er vist i teiknforklaringane. Her kan det vere noko ulikskap mellom kommunane, og det er ein del inkonsekvens i bruken av feltkodar. Vi finn til dømes føremåla SH_nr, SV_nr, VFR_nr, VKA_AFF, VN_nr som ikkje er forklart og heller ikkje har føresegner.

Karta viser fleire småbåthamner. I føreseggnene er vist til feltkoden VS, men i kartet er dette ikkje konsekvent, til dømes er "VHS_300" nytta på Koparstad/Kvalsund og "VS_300" i Rundehamna. Begge desse er eksisterande hamner. Vi ser at det også er lagt til rette for nye/utvida småbåthamner, til dømes ved Ulstein, i motsetnad til det planomtalen opplyser. Ved Ulstein viser kartet ingen feltkode.

Det er nytta ei rekke omsynssoner i karta, utan at det er gitt føresegner for desse. Merknadene nedanfor om kartet i Herøy kommune, kan tene som døme. Vi har ikkje gått gjennom alle karta detaljert.

På generelt grunnlag nemner vi for ordens skuld at reguleringsplanar som framleis skal gjelde innanfor planområdet, må visast som omsynssone H_910. Bakgrunnen kan vere "kvit" eller meir opplysande hovudføremålet i reguleringa. Det må vere føresegner til omsynssona.

Føreseggnene

Dokumentet "Føresegner og retningslinjer byrjar med ei forklaring om innhaldet. Det er i seg sjølv positivt, men kan gjerast enklare: Innramming i blå boks kan opplyse følgande:

"Rettsleg bindande føresegner i medhald av pbl §§ 11-8 til 11-11 er vist i blå boksar"

Etter dette følgande tekst:

"Øvrig tekst i dokumentet er politiske retningslinjer som ikkje er rettsleg bindande."

Vedtaksdato og saksnummer er sjølv sagt nødvendig når dette er klart. Innhaldsoversikt er ikkje nødvendig, føreseggnene må vere sjølvforklarande saman med kartet. Føreseggnene må ha heimel i plan- og bygningslova og skal jamfør departementets rettleiar om kommuneplanens arealdel (punkt 4.4.1) også vere konkrete og eintydige, ha tydeleg kopling til plankartet, vere tilpassa detaljeringsnivået i planen og ha klare målsettingar.

Når det gjeld grunnlag for eventuell tolking, er det planomtalen med konsekvensutgreiingane som gjeld, og det er verken tenleg eller tilrådeleg med forklarande tekst i føreseggnene. Opplisting av arealføremåla er likevel vanleg i innleiande paragraf.

Føreseggnene opnar med eit sett fellesføresegner, som skal gjelde alle arealmåla. Det er eit riktig redaksjonelt grep. Men ut frå premissane i lov og rettleiingsmateriale, er så godt som all tekst i § 1 i framleggget, overflødig. Dei fleste forholda som er nemnde her, er heimla annan stad enn i plan- og bygningslova, og har såleis ingenting i føreseggnene til plan å gjere. Det er rein saksopplysing som eventuelt bør kome fram i planomtalen. Der finst tekster i kapitlet, som kunne vere relevant som føresegns, til dømes:

"I viktige aktive fiskefelt...(jf. Fiskeridirektoratets verdisetting) skal det i vassøyle eller botn ikkje gjerast inngrep....".

Denne føresegna må reint språkleg forståast slik at kommunen overlet til Fiskeridirektoratet å ta avgjerd i medhald av planen. Dette er eit mynde som ligg til kommunen sjølv, og kan ikkje delegerast. Det er også slik at tilhøvet til viktige fiskeriinteresser skal vere avklart i sjøve planen og arealføremåla. Føresegne tyder på at dette ikkje er drøfta, noko planomtalen stadfestar, jamfør våre merknader lenger oppe i brevet. Til sist er det naturleg å spørje om føresegna er relevant for alle arealføremåla i planen eller berre nokre.

Unnataket i kapitlet er § 1.10, som gjeld krav om reguleringsplan. Dette ei typisk felles-føresegn, og det er greit å vise til kryssmerking i kartet. Kravet om reguleringsplan er elles å forstå som eit viktig avbøtande tiltak, som bør vere omtalt i konsekvensutgreiingane, slik at det er tydeleg kva kravet er grunngitt i.

Hovudparagraf 1, bør med andre ord framleis vere "Fellesføresegner". Under denne, bør § 1.1 vere ei liste over alle arealføremåla i planen, inkludert feltkodar. Når feltkodar finst nummerert på kartet, bør ein også opplyse om nummerspennet. I og med at føresegne gjeld felles for fleire kommunar, medan karta kan vere ulike, bør det også kome fram kva arealføremål som er nytta i kvar kommune. Vi vil elles rå til ei gruppering basert både på heimel og arealføremål, der heimelen er oppgitt i tittelen til hovudparagrafen.

Hovudparagraf 2 bør systematisk ordne vidare føresegner etter arealføremål. Dette kan vere ei utfordring i ein komplisert plan med mange føremål, der nokre føresegner skal gjelde fleire føremål, og kanskje særleg i sjøareal, der det er ope for mange kombinasjonsføremål. Ein bør kanskje vurdere å utvide fellesføresegne med dei føresegne som gjeld fleire arealføremål, sjølv om ikkje alle er inkludert.

I framlegget vidare, er arealføremåla ordna i to ulike hovudparagrafar, 3 og 4, der den siste omhandlar ulike kombinasjonsføremål. Vi har ikkje avgjerande merknader til dette, så lenge det likevel er lett å få oversyn.

§ 2.1 omhandlar hovudføremålet "bruk og vern". I staden for eksplisitt berre å opne for akvakultur, bør paragrafen starte med alle underføremål som er inkludert. Det er ikkje heimel for å stille prosesskrav; desse er fastsett i lovverket.

Her blir vidare vist til tre ulike underkategoriar (V1, V2, V3), med tilvising til eit temakart. Det er ingenting i vegen for å gjere temakart bindande gjennom føresegne, men etter vår vurdering, er det like tenleg å avgrense V1, V2 og V3 i sjøve plankartet. Siste passus i paragrafen gjeld reguleringskrav. Det gir dårleg oversyn dersom reguleringskrav med ulik grunngiving kjem fram fleire stader i føresegne, jamfør merknad til § 1.10. Omgrepene "andre tiltak" er også nokså upresist og vil vere ope for fritt skjøn.

§ 2.2: Det er uklart om det finst andre VO-område i planen enn det eine som er nemnt.

§ 2.3: Rett kode for ferdelsområde er SOSI 6100. Vi finn ikkje føremålet i plankartet (med etterhald om at vi ikkje har sett godt nok). Føresegna viser til farleilinjer som også er omtalt i § 2.4. Farleier er i kartet stort sett markert som omsynssone H_190. Føresegna er med andre ord ikkje retta mot kartet. Farleier og ferdelsområde har elles eigne arealføremål, jamfør merknader til Herøy kommune nedanfor.

§ 2.4: Denne viser også til farleier, SOSI 6200, som vi heller ikkje kan finne i kartet. Sjå forrige punkt. I tillegg er det vist til hamneområde i sjø. I den grad dette er føremål i kartet, bør det eventuelt vere føresegn i eige punkt. Teksta som er foreslått gjeld forhold

heimla i anna lov. Føresegner for småbåthamner bør også leggast i eigen paragraf. Føresegna er elles grei; det blir lagt konkrete føringar for reguleringsprosessar i framtida.

§ 2.5: I utgangspunktet er intensjonen og innhaldet i føresegna greit. Teksten kan likevel gi inntrykk av at det finst andre VFI-areal enn dei som er ramsa opp. Opprampsinga er unødvendig; føresegna gjeld alle VFI-areala?

§ 2.6: Ikkje særskilde merknader. Vi gjer for ordens skuld likevel merksam på behovet for å opne for fortøyinger i tilgrensande areal dersom einbruks VA er små areal, men vi registrerer også § 3.5, som ser ut til å ta (dels?) høgd for dette.

Vi har heller ikkje vesentlege merknader til §§ 2.6 og 2.7.

§§ 3.1 - 3.3: Desse representerer ulike kombinasjonsføremål utan akvakultur og det ligg i sjølve føremålet at akvakultur ikkje er tillate. Føresegndene bør primært fokusere på andre restriksjonar som skal sikre føremåla som faktisk er opna for, eventuelt retningslinjer for korleis det skal prioriterast mellom dei interne føremåla. § 3.3 refererer til eitt særskild område i Hareid. Dersom det finst andre areal av same type, bør også desse nemnast.

§ 3.4. Slik vi forstår paragrafen, gjeld han areal som allereie er underlagt vern etter naturmangfaldlova. Slike areal må ha omsynssoner som viser til vernereglane. Plan- og bygningslova kan i teorien fastsette ytterlegare restriksjonar, men vi vil tru dette er lite relevant. Vi vil stille spørsmål ved om kombinasjonen NA er relevant eller sjølvmotseiande. Underliggende føremål til omsynssona kan like gjerne vere "Bruk og vern (V)".

Føresegndene treng ein samla og grundig gjennomgang når karta er oppdaterte. Dette gjeld ikkje minst § 4 om omsynssonene, som vi ikkje går i detalj på her. Vi vil likevel peike særskilt på at føresegna til H_910 kommunevis må liste opp kva reguleringsplanar som framleis skal gjelde innan planområdet. Det er ikkje nødvendig å merke eller liste reguleringsplanar som grensar inntil, men i planomtalen kan ein kanskje nemne dei som reelt sett har samanheng med sjøarealplanen.

Hovudpoenget med § 4 er at omsynssoner i kartet ikkje gir mening, dersom ikkje føresegner definerer tydeleg kva og korleis omsyn skal takast. For nokre av omsynssonene er det likevel berre heimel til retningslinjer.

Samferdsel

Det er viktig at ein i planarbeidet tek omsyn til arealinteressene/-behova som er knytt til eksisterande samfersdselsstrukturar og pågåande og nye prosjekt. Dette vil gjelde for alle kommunane.

Allereie godkjente reguleringsplanar som gjeld samferdselsområdet, til dømes vegar, bruer, hurtigbåt- og ferjekaiar må leggast inn med omsynssone H_910, og listast i føresegndene. Vedtekne kommunedelplanar må anten utelatast som "kvite" i planen, eller implementerast utan endringar. I planomtalen må det gå fram korleis dette er handtert og kva planar det gjeld ("rammer for planlegginga").

For nye samfersdselsprosjekt som ikkje er fastsett i rettsleg bindande planar, men som står på fylkeskommunen sitt investeringsprogram, må desse prosjekta i kystsoneplanen bli gitt omsynssone H_710 og bandlegging etter pbl. § 11-7, pkt. 2, jamfør også § 11-8 pkt. d. Slik bandlegging vil gjelde i fire år, og kan eventuelt forlengast. Ta kontakt for å få oversikt over kva prosjekt som står på investeringsprogrammet.

Føresegna § 2.4 lyder mellom anna slik:

"I hamneområde i sjø (6220) kan kommunane lage egne bestemmelser for kommunale hamner, jf. Hamne- og farvasslova § 3, bokstav f."

Reint bortsett frå at føresegna framstår som ei rein saksopplysing utan rettsleg innhald, er vi i tvil om kva ho er tenkt å tene til. Innanfor slike areal ligg mellom anna ferjekaiene.

Kulturminne/kulturvern

Marine kulturminne

Saka er oversendt Museum Vest for innspel om marine kulturminne. Museet er i si fråsegn – e-post 4.1.2022 – generelle, og peikar på at tilhøvet til marine kulturminne må avklarast konkret i samband med reguleringsplanar eller enkelttiltak, jamfør også kulturminnelova §§ 9 og 14. Dei viser elles til varslingsplikta dersom det blir gjort funn.

Forholdet til kulturminne på land

Forholdet mellom automatisk freda kulturminne på land og tiltak i sjø må på same måte avklarast når det kjem til reguleringsplan eller tiltakssøknad. Vi vil då vise til kulturminnelova §§ 9 og 10. Det er viktig at konkrete tiltak blir godt synleggjort slik at det er mogleg å vurdere om slike saker kan påverke eksisterande kulturminne på land, og om det vil vere behov for arkeologiske registreringar. Planomtalen bør synleggjere prosedyrene i sin omtale av fagområdet.

Vi sender over eit forslag til omsynssoner kring viktige kulturmiljø i kommunane, jamfør også merknader til den enkelte kommunen lenger nede. Dette tek utgangspunkt regional delplan for kulturminne. Dette er ei SOSI-fil, og må oppfattast rettleiande for å vise korleis omsynssoner knytt til kulturminne på land og sjø kan nyttast. Omsynssoner i sjø må eventuelt tilpassast omsynssoner i planar på land. Ta eventuelt kontakt for nærmere rådgiving.

Vi viser ellers til føresegne om omsynssoner. Vårt forslag er slik for omsynssone H_570 "Bevaring kulturmiljø". Det kan vere nødvendig med tilpassingar til enkeltobjekt:

"Omsynssone gjeld regionalt og nasjonalt viktige kulturmiljø. Det er viktig å oppretthalde den visuelle opplevinga av landskapet som grunnlag for kunnskap og oppleving, med vekt på tilhøvet mellom kulturminna og landskapet i kring. Før tiltak setjast i verk, skal saka leggast fram for regional kulturvernmynde for vurdering i forhold til visuell og faktisk påverknad. Dette gjeld tiltak både på vassflate, i vassøyle og på sjøbotn. Det gjeld også endring eller flytting av eksisterande anlegg og forankringar."

Omsynssone H_730 "Bandlegging etter lov om kulturminne" er berre aktuell dersom planen inkluderer areal eller objekt som er verna etter kulturminnelova. Også her vil det vere nødvendig med tilpassa føresegns.

Sande og Hareid kommunar har vedteke kommunale kulturminneplanar, der Ve med sine planar. Her gjenstår med andre ord å prioritere lokalt viktige kulturminne, som til dømes kan vere naustrekker, sjøbuer og andre bygningar og byggverk i sjøkanten. Ikkje alle kulturminna er like sårbar mot nærliggande inngrep. Nokre kan også vere aktuelle med tanke på ny bruk, men tiltak må vurderast opp mot kulturverdien. I planarbeidet må ein derfor vurdere omsynssoner kring dei viktigaste, også ut i sjøarealet. Det må fastsettast føresegner ut frå kva omsyn som er nødvendige. Det er også ein føresetnad at konsekvensutgreiingane er tydeleg dersom planforslaget legg opp til arealbruk som kan påverke kulturminna.

Når revidert planforslag ligg føre, vil ein nærmare gjennomgang frå vår side vere nødvendig. Det er derfor viktig at også kommunane tek ein gjennomgang av omsynssoner kring viktige kulturmiljø.

Akvakultur

I notat om arealtilnærming "vedlegg C" er vist til at akvakulturområde skal teiknast som sirklar, noko som sikrar betre fleksibilitet i forhold til å dreie anlegga optimalt mot straum. Planforslaget bygger ikkje på dette. Forslaget kan vere godt, og vi oppmodar til at det blir vurdert konkret i den enkelte kommunen. Dette gjeld særleg einbruksområde for akvakultur av liten/moderat storleik.

Vi har elles ikkje vesentlege merknader til korleis akvakulturinteressene generelt er ivaretakne i planen.

KOMMUNEVISE MERKNADER TIL AREALBRUK

Vanylven

Samferdsel


Møre og Romsdal fylkeskommune som vegeigar har planar om å utføre tiltak på Koparnes ferjekai, landområdet. Dette må takast omsyn til planen. Tiltaket står på 14. plass på fylkeskommunen sitt investeringsprogram. Vi ber om at ferjesambandet med naudsynt kaiareal bli bandlagt med omsynssone H_710 for framtidig planlegging etter pbl med tilhøyrande føresegns.

Både Koparneset ferjekai og Åram ferjekai ligg i plankartet innanfor formålet VHS (i rekkefølge VHS_537 og VHS_546)

Hamneområde i sjø – noverande med føresegns:

«I hamneområde i sjø (6220) kan kommunane lage egne bestemmelser for kommunale hamner, jf. Hamne- og farvasslova § 3, bokstav f.»

Ved Åram ferjekai er det også satt av ei omsynssone H_720 *Bandlegging etter lov om naturvern* i farleia, samt eit areal VFR_547 som vi ikkje finn igjen i teiknforklaringa eller føresegna.



Figur 1: Utklipp frå plankart kystsoneplan som viser Åram ferjekai, dato plankart 25.08.2021.

Vi saknar omtale av kva planforslaget vil ha å seie for ferjekai og praktisk drift. Fylkeskommunen kan ikkje akseptere løysingar eller arealformål tett opptil som kjem i konflikt med ferjetrafikken eller naudsynte tiltak og/eller utbetringar.

Farleia Årvika-Koparnes og Larsnes-Åram-Voksa-Kvamsøy er ikkje synleggjort i plankartet. Dette er eit krav frå vår side.

Akvakultur

Område VA_620 ligger i eit gytefelt for fisk. Fiskeridirektoratet vil truleg foreslå å ta det ut av planen, men kanskje kan lokaliteten vere aktuell for lavtrofiske arter eventuelt lukka anlegg (for andre artar enn torsk)

Område VA_542 er svært lite og dermed lite fleksibelt i forhold til realisering. Vi etterlyser ei drøfting av grunnlaget for dette og rår primært til at arealet blir utvida.

Kulturvern

Vanylven har ingen direkte arealkonflikter i plankartet knytt til automatisk freda kulturminne. Vi foreslår likevel omsynssone H_570 knytt til nokre utvalde område med automatisk freda kulturminne nær sjøen, for å sikre nødvendige omsyn i etterkant. Dette gjeld er Børholmen, Torvikholmen, Hundsneset (som er regionalt verneverdig), Sighaug og Hakallestranda. SOSI-fil blir oversendt i eiga sending.

Når det gjeld nyare tids kulturminne har vil følgande konkrete innspel om område som bør omtalast og vurderast med siktet på omsynssoner:

1. Åheim naustmiljø ligg inne i hamneområdet, og er eit typisk naustmiljø med støer. Regional verdi (./.)
2. Slagnes dampskipskai. Regional verdi
3. Vanylven kyrkje, Slagnes. Regional verdi. Visuell påverknad og lyd er uheldig.
4. OB-kaia og naustmiljø i Fiskå sentrum. Ligg saman med eldre miljø av hus og er verna gjennom reguleringsplan. OB-kaia har vore det utstikkande punktet der det var djupt nok til ein større båt og det er uheldig dersom det vert fylt for mykke i sjøen i nærområda.
5. Åram kyrkje. Visuell påvirknad og støy er ikkje ønskeleg.
6. Espeneset, HKB 36/976 Aaram. Krigsminne med regional verdi. Visuell forstyrring er ikkje ønskeleg.
7. Syvde kyrkje har nasjonal verdi. Visuell støy og lyd vil vere negativt.
8. Rovde kyrkje har nasjonal verdi. Visuell støy og lyd vil vere negativt.
9. På Hakallestranda og elles i Vanylven er ein del eldre naust og støer der det er brukt mykke stein. Nesten berre takar er av tre. I Vanylven var det dårleg tilgang på trevirke i periodar, og dette er viktige kulturminne i Vanylven som bør bli vurdert og tekne omsyn til.

Sande

Om plankartet

For Sande sin del ser planforslaget i stor grad ut til å vere ei vidareføring av gjeldande plan, som er fra 2015. Kommunen har med andre ord ikkje nytta dei marine grunnkarta og kunnskapsprodukta i kjølvatnet av dette, til å vurdere arealbruken i sjøareala på nytt.

Ikkje mindre gir det også ein plan som på mange måtar framstår annleis i kartet enn dei andre kommunane. Kommunegrensene mellom Sande og dei andre kommunane er påfallande i form av anna tilnærming til teikneregular og arealføremål.

Store areal i kommunen er sett av til føremålet FSK, som ikkje er nemnt i føresegnene eller i planomtalen. Andre, store areal har nemninga VKA, som i føresegnene berre er samlenamn på ei rekke ulike kombinasjonsføremål; ikkje spesifisert i verken kart eller føresegner for Sande sin del. Særkild vil også påpeike at areal for akvakultur ved Oksavika i gjeldande plan er avsett til einbruksareal for fiske. Det er dette som må vere ramma for konsekvensutgreiingane; kva konsekvensar har dette for fisket?

Samferdsel

Reguleringsplan «Årvik ferjekai» (Plan-ID: 19970001) og «Skare» (Plan-ID: 20170006) ikkje er sikra i framleggget med omsynssone H_910. Dette vil vere eit krav frå oss.

Møre og Romsdal fylkeskommune som vegeigar, har planar om tiltak på Voksa, Larsnes og Kvamsøy ferjekaiar (Ytre Sunnmørspakke) samt Årvik ferjekai. Det er på noverande tidspunkt ikkje avklart korleis prosessen for desse tiltaka blir. Som nemnt av Statens vegvesen tidlegare, er det viktig at ein i føreståande planarbeid tek omsyn til areal-

interessene/-behova som er knytt til pågåande og nye samferdselsprosjekt. Tiltaka står på investeringsprogrammet til fylkeskommunen, på 4. og 12. prioritet. Vi ber om at desse sambanda blir bandlagt for planlegging etter pbl, med omsynssone H_710 og tilhøyrande føresegner.

Farleiene Årvika-Koparnes og Larsnes-Åram-Voksa-Kvamsøy er heller ikkje på Sandesida ikkje synleggjort i plankartet. Dette vil vere eit krav frå vår side.

Akvakultur

Oksavika: Det er positivt at det er tenkt areal til IMTA (integrert multitrofisk akvakultur). Brukt strømmåling fra nærliggande lokalitet, gir godt grunnlag for vurderinga. Området ligg dels innanfor aktsemddssone skred og må avklarast nærare, jamfør merknader lenger oppe i brevet.

I lokaliteten VA-205 er det gitt avslag på søknad om fiskeoppdrett grunngitt i därlege i resipientforhold. Kanskje kan området likevel settast av til lågtrofiske artar.

Område VA_206 er langstreckt med eit «innhuk». Her er ein konsesjon påkalla og ligg til behandling hos klageinstans. Avhengig av resultatet kan det vere nødvendig med tilpassingar av arealet.

Kulturvern

Sande kommune har fleire akvakulturområde som ligg svært nær både automatisk freda kulturminne og nyare tids kulturminne, som potensielt kan bli utilbørleg skjemmande, jamfør kulturminnelova § 3. I desse områda ber vi om at områda til akvakultur flyttast, eller endrast og at omsynssoner blir lagt inn i kartet.

Kulturminna frå nyare tid som bør vurderast med tanke på konsekvensar og omsynssone er:

1. Årvika ferjekaja og gardsmiljø har stor tidsdjupne og regional verdi. Visuell forstyrring er ikkje ønskeleg.
2. Gursken kyrkje har regional verdi. Visuell støy og lyd er negativt.
3. Haugsbygda Sjøhus har regional verdi.
4. Longva mekaniske verkstad med smie og slip.
5. Hamneanlegg på Hide. Dette er eit "beskjedent" kulturminne som fort kan bli borte dersom det ikkje vert halde avstand.
6. Sandsøya kyrkjestad med Sande kyrkje har nasjonal verdi. Visuell støy og lyd er negativt. Naustmiljø høyrer til.
7. Sandshamn kulturmiljø har regionalt verdi.
8. Hellandsvågen på Sandsøya.
9. Losplass og Losnaust Hellandsvågen
10. Naust Gangestø på Voksa
11. Gardsmiljø på Riste ligg i tillegg innanfor naturreservat.
12. Haugsholmen kulturmiljø med Haugsholmen fyr har regional verdi.

Ved Haugsholmen ligg området VA_201. Området VA_203 ligg også altfor nær gravrøys på Dysjaneset ID 35473-1 og vil vere skjemmande for kulturminnet.

VA_205 ved Sande kyrkjestad bør også trekkast lengre unna /minkast i omfang. Kyrkjestaden er både automatisk freda og regionalt verneverdig. Eit storskala akvakulturanlegg vil vere skjemmande for kyrkjestaden. VA_206 og VA_207 er akvakultur som også ligg tett opp mot kulturmiljø. Vi rår til at desse areaala blir flytta lenger unna kulturminna. Her foreslår vi også omsynssone H_570. SOSI-fil vil bli oversendt separat.

Herøy

Om plankartet

Desse merknadene er døme, som også er relevante for dei andre kommunane.

Først peikar vi på området BAB_301 vest for Handfangen på Runde, som har SOSI-kode 1500. Denne koden nyttast normalt på landareal, men er truleg ikkje umogleg å bruke i sjøreal også. Arealkategorien er ikkje nemnt i opplistinga § 2 i føreseggnene, og er heller ikkje gitt føreseggn som gir føringar for kva arealet faktisk skal nyttast til. Arealet er med andre ord fullstendig uavklart.

Herøykartet har i tillegg ei rekke omsynssoner (SOSI-kodar, H_190, H_310, H_330, H_530, H_550, H_710, H_720). Det manglar førsegner for H_330, H_550, H_710, H720, og omsynssoner gir ingen mening utan føreseggn.

Føreseggnene er generelt kommentert i eige avsnitt lenger oppe i brevet, men når det gjeld bruken H_190, som i Herøy ser ut til å følge farleiene, finn vi grunn til å kommentere dette her. Farlei har eige føremål i teiknereglane (SOSI_6200), og skal ikkje markerast med sikringssone H_190. Føreseggnene ser ut til å vere riktigare her, dei peikar på to dumpingsområde i Hareid som krev særskild merksemrd.

Eit område kring Skotholmane utanfor Sævik, ser ut til å vere merka som omsynssone H_910. Dette svarar saman med gjeldande reguleringsplan, og bruken av omsynssona vil vere rett dersom reguleringsplanen skal gjelde. Ikkje mindre må også omsynssone H_910 generelt har førsegns som eksplisitt fastslå kva planar som skal gjelde.

På Svinøya viser kartet korrekt omsynssone H_720 som samsvarar med grensene for naturreservatet, men utan nødvendig føresegns, som må vise til verneføreseggnene. I tillegg er lagt ei omsynssone H_530 over sjølve øya. Dette er ikkje formelt feil, men unødvendig, i og med at verneførseggnene allereie hindrar inngrep som kan forringje friluftslivsverdiane. Øya er også svært vanskeleg tilgjengeleg og friluftsinteressene marginale.

Eit areal nord for Remøya, har ikkje føremål i det heile teke, og framstår dermed som "uplanlagt". Vi har ikkje grunnlag for å meine om dette er tilslutta eller ikkje, men vi registrerer på kart, at arealet fell saman med areal i gjeldande kommuneplan, som ser ut til å ha føremålet "fiske".

Til sist vil vi peike på at kommunegrensa mot Sande i det opne sjøområdet til havs, er svært tydeleg gjennom ulik tilnærming til kartframstillinga. Dette bør harmoniserast, jamfør også merknader til Sande kommune.

Samferdsel

Vi ser mellom anna at reguleringsplan «Buholmlina» (Plan-ID: 199101) ikkje er sikra med omsynssone H_910. Dette vil vere eit krav frå vår side.

Møre og Romsdal fylkeskommune som vegeigar har planer om å utføre tiltak på Rundebru og Remøybrua i den komande tida. Det er på noverande tidspunkt ikkje heilt avklart korleis prosessen for desse tiltaka blir. Som nemnt av Statens vegvesen tidlegare, er det viktig at ein i føreståande planarbeid tek omsyn til arealinteressene/-behova som er knytt til pågående og nye samferdselsprosjekt. Tiltaka står på investeringsprogrammet til fylkeskommunen, på 17. og 18. prioritet. Vi ber om at desse brusambanda blir bandlagt for komande planlegging etter pbl med omsynssone H_710 og tihøyrande føresegns.

Kulturvern

Herøy har ingen direkte arealkonfliktar, likevel kan bruken av omsynssone H_570 i sjø vere med på å hindre framtidige konfliktar. SOSI-fil som viser korleis slike kan brukast for å sikre verna av utvalte kulturmiljø med lokal, regional og nasjonal interesse blir oversendt separat. Kulturminna frå nyare tid som bør omtalast eventuelt sikrast med omsynssone er desse:

1. Herøy gard og kyrkjegard er kyrkjestad og handelstad med nasjonal verdi. Landskapet ikring er ein viktig del av opplevinga.
2. Stokksund kyrkje har regional verdi. Visuell påverknad bør unngåast.
3. Kjeldsund handelstad har regional verdi.
4. Dragsund bruvaktarbustad og landskapet ikring har regional verdi.
5. Leikong landingsvorr har regional verdi.
6. Leikong kyrkje har regional verdi der visuell kontakt med sjøen er viktig.
(./.)
7. Flåvær kulturmiljø har regional verdi.
8. Skorpa natur og kulturlandskap har regional verdi.
9. Mulevika natur- og kulturlandskap har regional verdi.
10. Neremslipen, Voldnes-eigedommen og sjøhus i Fosnavåg har regional verdi.
11. Runde hamn har regional verdi.
12. Runde fyr har nasjonal verdi.
13. Loshytta på Runde har regional verdi.
14. Goksøyra med naust og kulturlandskap har regional verdi.
15. Naustrekka i Rundebygda.
16. Svinøy fyr er eit regionalt kulturminne.

Ulstein

Samferdsel

Møre og Romsdal fylkeskommune som vegeigar har planer om å utføre tiltak på Dragsundbrua. Tiltak står på investeringsprogrammet til fylkeskommunen som 5. priorititet. Tiltaka inneber preventivt vedlikehald for å forlenge bruha si levetid, og detaljprosjektering er sett i gang. Kystsoneplanen må ta omsyn til dette tiltaket.

Kulturvern

Ulstein har ingen direkte arealkonfliktar, likevel kan bruken av omsynssone H_570 i sjø vere med på å hindre framtidige konfliktar. Vedlagt SOSI-fil viser korleis slike kan brukast for å sikre verna av utvalte kulturmiljø med lokal, regional og nasjonal interesse.

Kulturminne frå nyare tid som bør omtalast, eventuelt sikrast med omsynssone er:

1. Grasøyane fyrtasjon har nasjonal verdi.
2. Borgarøya handelsstad har regional verdi.
3. Håkonsholmen handelsstad har regional verdi.
4. Vattøya skule har regional verdi.
5. Kulturlandskap på Haddal har regional verdi. Her handlar det om steingardar og Steinbruk i arealet ned mot sjøen.
6. Naustrekka på Flø.
7. Ulstein kyrkje der sjøkontakt er viktig.
8. Gamle Ulstein gravplass utover mot Flø har nasjonal verdi og er freda.
9. Gravplass og kulturlandskap kring Osneset, inkludert Oshaugen og vrak på Osnessanden som er automatisk freda.

Hareid

Samferdsel

Farleia Hareid-Sulesund er sikra med omsynssone og føresegn om at nye tiltak skal ta omsyn til ferjetrafikken. For hurtigbåtsambandet Hareid-Ålesund-Valderøy gjeld ikkje dette, og det kan bli konflikt mellom ferdsel for hurtigbåt og moglege tiltak og fortøyning innanfor område VKA_AFFFF102, utan at dette er omtalt i KU.

Det vil vere eit krav frå vår side at farleier for fylkesvegferjer og hurtigbåtar er synleg-gjort i plankartet, men sjå andre merknader om bruk av omsynssoner vs føremål.

Kulturvern

Det er ingen direkte arealkonflikter i plankartet, men vi vil likevel påpeike at det kan vere tiltak som er nødvendige for å avbøte verknader. Aktuelle kulturminne frå nyare tid som bør omtalast, eventuelt sikrast med omsynssoner er:

1. Kvitneset kystfort har regional verdi
2. Ishavsnæringa i Brandal, ishavsmuseet og sjøhus i området har regional verdi (pakkhus, Risenaustet, guanomylna mm.)
3. Tampenbuda i sentrum Hareid, ute på piren
4. Naustrekka i Liavågen

Det nordlegaste arealet VA_101 ligg i nærleiken av Kvitneset, der det er eit kulturmiljø beståande av både lokale, regionale og nasjonalt viktige kulturminne. Her ligg fleire gravrøyser og potensialet for funn nye er også stort. Her er også krigshistoriske minne. Også ved Buhammaren (ID 268125 i Askeladden) finst kjende kulturminne og potensial for fleire funn. Vi vil i utgangspunktet rá til at omsynssona kring kulturminna på Kvitneset derfor blir utvida mot, og ikring Buhammaren.

På Ovrastranda ligg også fleire gravrøyser. Ikkje alle disse har tilstrekkeleg omsynssone H_570 mot sjøen. Det er viktig at tiltak som kan skje i sjøarealet ved ikkje verkar skjemmande for disse. Vi vil forslå ei felles omsynssone som strekker seg frå Ovrastranda og Ovrasanden til og med Sjursvika. I området er det kulturminne av lokal, regional og nasjonal betydning. SOSI-fil vil bli oversend separat.

KONKLUSJON

Med heimel i pbl § 4-2 og forskrift om konsekvensutgreiingar har vi motsegn til planen slik han er framlagt. Motsegna er grunngitt i store manglar, både i planomtalen og i konsekvensutgreiinga, nærmere omtalt i teksten ovanfor.

Med heimel i pbl § 11-8 til 11-11 har vi også motsegn grunngitt i manglande, dels upresise og uheimla føresegner til planen, nærmere omtalt i teksten ovanfor.

Dei planfaglege motsegnene knytt til utgreiingar er også understøtta av heimlar i veglova § 1, kulturminnelova §§ 1 og elles av Kap 11 i plan- og bygningslova om utforming og konsistens i planmaterialet.

Ut frå dette grunnlaget åleine, er det ikkje heimel til å gjere sluttvedtak om planen i kommunane. Det er ikkje føresetnader i oversendinga til å identifisere og vurdere alle eventuelle arealbrukskonflikter. Vi må ta etterhald om at merknader som gjeld dette, og som elles gjeld enkeltareal i planen berre dekker forslaget delvis.

Vi ber kommunane samlast om ein møteinvitasjon med sikte på vidareføring/slutføring av planarbeidet, og rår etter dette til at eit nytt planutkast blir lagt fram for regionalt planforum før det blir gjort vedtak om nytt offentleg ettersyn.

Med helsing

Ottar Brage Guttelvik

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur

Fagsaksbehandlar

Samferdsel: rådgivar Ane Øie Jordahl, tlf. 71 28 01 69
rådgivar Ida Sigerseth, tlf. 71 28 05 48
rådgivar Lisa Enstad, tlf. 71 28 05 40

Automatisk freda kulturminne: arkeolog Arve Eiken Nytun, tlf. 71 28 03 25
arkeolog Susanne Busengdal, tlf. 71 28 02 75

Kulturminne frå nyare tid: sivilarkitekt Svein Ole Storøy, tlf. 71 28 05 53

Akvakultur: Rådgivar Rebekka Varne, tlf. 71 28 03 51

Vassforvalting: Rådgivar Håkon Slutaas, tlf. 71 28 03 52

Vedlegg:

SOSI-fil blir oversendt separat

Kopi:

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

Statens vegvesen

Kystverket

Fiskeridirektoratet

Mattilsynet